



SAKSGANG			
Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Odda valgstyre	09.09.2010	003/10	HJo04065
Odda kommunestyre	22.09.2010		HJo04065

## **Sentral valeining under Kommunal og regionaldepartementet (KRD): Høyringsfråsegn Odda kommune**

Vedlegg:

- 1 Høyringsbrev fra KRD  
2 **Valget kval ?**: DIFI ( Direktorat for forvaltning og IKT) sin rapport og oppretting av (eventuell) statleg sentral valeining : Samandrag og side 1- 14

Framlagt : Komplett rapport fra DIFI

Rådmannen sitt forslag til

**vedtak:**

Odda kommune vil tilrå at det vert oppretta ei **statleg sentral valeining / statlig sentral valgenhet (SSV)** som ivaretok dei **løpende og praktiske oppgåvane** som ligg til statsforvaltinga i samband med avvikling av Stortingsval, Fylkestingsval, Kommuneval og nasjonale folkerøystingar på minimum føljande felt :

1. **Oppretta, drifta og distribuera kostnadsfritt til valstyra i kommunar og fylke minst 2 permanente og separate elektroniske manntal.** 1 til Stortingsval og 1 til fylkestingsval / kommunestyreval, samt stilla til rådvelde manntal til nasjonale folkerøystingar og samemanntal til dei valstyre som er aktuelle på same premisser.
2. **Oppretta og drifta av eit statleg elektronisk valsystem** som skal vera landsdekkande og minst omfatta Stortingsval, Fylkestingsval, Kommuneval, Sametingsval og nasjonale folkerøystingar
3. **Utforming, produksjon og distribusjon av lovbestemt valmateriell** til valstyra i fylka og kommunane.
4. **Utforming av og standardinnhald på valkorta**, og ha koordinatorrolle /ansvaret for kontakt med produsent av valkort inkl rammeavtale med postverket for distribusjon av desse så lenge valkort er lovpålagte dokument, samt dekka kostnadane for dette ved Stortingsval.
5. **Opplæringstiltak / informasjonstiltak inkl produksjon og distribusjon av informasjonsmateriell og rettleiingar til valstyre og veljarar**

6. Still til rådvelde godkjent og gratis legitimasjon **til dei veljarane som treng dette og aktivt ber** om det for å kunna røysta lovleg – jmf. kravet om legitimasjon og at valhandlinga skal vera utan kostnader for veljaren.
7. Utarbeiding / oppdatering av Valhandbok i samarbeid med KRD før kvart val.
8. Utvikla eiga nettside med relevant valinformasjon både for veljarar og valstyre.
9. Still til rådvelde manntal / grunnlag for manntal til gjennomføring av lokale ( kommunale/ interkommunale) folkerøystingar og bidra med valtekniske løysingar ved slike val.
10. SSV vert lopande vurdert å ha det operative ansvaret for: Valnattsystemet når organet er etablert.

**11. Odda valstyre legg til grunn:**

- a. Ovanståande opplisting er sentrale og viktige oppgåver ved valavvikling som må løysast og som om dei vert løyst på ein god måte vil styrka og underbygga den demokratiske utviklinga i landet.
- b. Å konkretisera og definera sentrale arbeidsoppgåver som KRD ønskjer avlasting på og som kan overførast til ei sentral valeining ( SSV) vil vera ein meir fruktbar start enn teoretiske drøftingar om sekretariatrollen eller direktoratsrollen skal leggast til grunn for prosessen. Uansett vil det bli eit både og. Spørsmålet om sekretariatsfunksjon / direktoratstsrolle vil då bli lopande vurdert under marsjen.
- c. At SSV si etablering vert vurdert i eit distriktpolitisk perspektiv og sett ope og uhilda på som lokalisering av statlege arbeidssplasser

Rådmannen i Odda 09.07.2010

## **Bakgrunn**

Kommunal og regionaldepartementet ( KRD) har bede Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) å greia ut spørsmålet om oppretting av ein statleg sentral valeining ( valgenhet )  
Denne er no sendt på høyring til kommunane med frist 1. sept. 2010

Sjølve rapporten vert i liten grad / ikkje kommentert i saksutgreiinga. Eg har i staden utarbeidd ein detaljert, omfattande og spissa forslag til vedtak og ser på denne som Odda kommune sitt forslag til uttale .

**Forslag til vedtak er både ei støtte til etablering av ei statleg valeining og ei sterkt støtte til at staten tek sterke praktiske grep om gjennomføring av offentlege val - Stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval, nasjonale folkerøystingar og sametingsval.**

### **Dette må koma til uttrykk når det gjeld**

- Oppretting, drift og distribusjon av manntal for dei ulike vala
- Utvikla og drifta eit samlande og samordna valsystem – inkl. ”sertifisering” av valteknisk utstyr som skal brukast
- Trykka og distribuera lovpålagt valmateriell
- Trykt informasjon / informasjon på nett om val både til fylke og kommuner og til folk flest
- Valhandboka
- Bidra til opplæring av valstyra / sekretariat for valstyra
- Utforming og standardinnhald av valkarta / sentral avtale for distribusjon
- Rapporteringsrutiner